



Vestlandske Boligbyggelag

pb.1974 Nordnes
Bergen

Dykkar ref. Vår ref. Saksbehandlar – tlf. Arkivkode Dato
2008/479 - 1562/2009 Larissa Dahl - 56 37 56 37 188/184 23.01.2009

Brev. Angående utvida bruk av avkjørsle Gbnr. 188/184 P-plassar Gjervik ytre

Vi viser til rammeløyve datert 25.03.2008 og klage frå Arne og randi Albrechtsen, datert 11.06.08, der det vart klaga på trafikkfarleg tilkomst til Gbnr. 188/184.

Vegavdelinga har vore på synfaring ved den aktuelle avkjørsla. Slik avkjørsla er bygget i dag, tilfredsstiller den ikkje dei tekniske krava fastsett av vegdirektoratet (forskrift FOR-1964-07-16 nr. 3905). Avkjørsla har ikkje tilstrekkeleg svingradius og har ein utforming som er for bratt og for skrått på offentleg veg. Avkjørsla kan derfor ikkje utbetraast slik utbyggar ønskjer da dette vil føre til at avkjørsla blir brattare. Vegavdelinga vil, ved utvida bruk av avkjørsla, krevje at denne **flyttast lenger opp** i Lyngvegen (Sjå kart i vedlegg). Dette vil gje ein meir tilfredsstillande utforming og mulighet til å tilfredsstilla minste krav til svingradius (sjå vedlagt kart der ny avkjørsle er teikna inn, minimum svingradius $r=3m$, diameter $d=6m$ (vegdirektoratet krev $r=4m$ og $d=8m$)).

I forbindelse med den nye parkeringsplassen får ein utvida bruk av eksisterande avkjørsle (som er **søknadspliktig**). Søknad skal verte sendt og handsama av Vegavdelinga før igangsetjingsløyve kan gjevast.

Utvida bruk av avkjørsle medfører **krav om utbetring** dersom denne ikkje tilfredsstiller tekniske krav som er fastsett av vegdirektoratet. Med auka trafikkmengde gjennom avkjørsla er det svært viktig at avkjørsla, ved Gnr 188, Bnr. 184, vert utbeta.

Vegavdelinga vil sette følgjande krav til utbetring av avkjørsla:

- Avkjørsla må flyttast for å få ein betre utforming slik at den blant anna kan tilfredsstille minimums kravet til svingradius (sjå vedlagt kart). I dag ligger avkjørsla høgare enn kommunal veg. Dette medførar at overvatn vert leda ut i hovudvegen. Flytting av avkjørsla vil gjere det muleg for eit betre profil der avkjørsla får eit fall frå kommunal veg (forskrift av 1964, punkt 3). Avkjørsler skal byggast slik at det er god oversikt i kryss og slik at den fører til minst muleg ulempe for andre som ferdes på offentleg veg (forskrift av 1964, punkt 4). Avkjørsla skal så vidt det er muleg, leggast vinkelrett på offentleg veg (her er dette mulig). Ved endra bruk av avkjørsle, i dette tilfellet auke i trafikkmengde, skal ein setje høgare krav til avkjørsla (i dag er ikkje avkjørsla tilfredsstillande for dagens bruk). I

forbindelse med utvida bruk skal ein setje krav til utbetring dersom avkjørsla ikkje tilfredsstillar dagens krav, om nødvendig kan ein krevje flytting.

- *Avkjørsla skal ha ein utforming slik at den på dei to første metrane har eit fall frå kommunal veg på minimum 2,5% (5cm) før vegen stiger igjen. Verdiane gjeld veg med ferdig dekke.*
- *Under avkjørsla skal det leggast dreneringsrør med ein diameter på minimum 200mm. Dreneringsrør skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.*
- *Det skal være uhindra sikt (fri sikt) i eit område langs offentleg veg på kvar side av avkjørsla. Siktsona vert konstruert ved hjelp av ein siktrekant 4m inn i avkjørsla og minimum 30m i kvar retning. Siktsona skal være fri for sikthindringar som mur, hekk, trær, buskvekstar eller andre sikthindringar som er høgare enn 0,5m over hovudvegens nivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av brukarane av avkjørsla, uavhengig av kven som eig eller har påkosta avkjørsla.*
- *Svingradius skal være slik at ein kan svinge både til høgre og venstre i kommunevegen. Svingradius er satt til **minimum 3m**.*

Det er §§ 40-43 i Veglova, forskrift FOR-1964-07-16 nr. 3905, samt vegnormal (handbok 017) utgitt av vegdirektoratet/Statens vegvesen, som gjev lovheimel for at ein skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg.

Vedlegg:

*Kopi av svar på klage
Situasjonskart*

*Med helsing
Tor Hegle(S)
fagleiar byggesak*

*Larissa Dahl
avdelingsingeniør*